



Slik ser eit overvakningskamera for lakselus ut. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Tysdag montere Svein Erik Gabrielsen og Tore Wiers frå LFI-UNIFOB (som er knytta til universitetet i Bergen) fire kameraer i Uskedalselva ved Rabben feriesenter. Dei skal etterkvart avsløra kor ille angrepa av lakselus blir dette året.



Opptaka går inn på ein harddisk ved elvebreidda. Dei tre er Arne Terje Haugland, Svein Erik Gabrielsen og Tore Wiers. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Kameraene tek to og eit halvt bilete i sekundet og bileta blir registrert på ein harddisk som er montert i ein boks ved elva. Det er også mogeleg for forskarane i Bergen å følgja med live vis breiband hvis dei ønskjer det. Forskarane har også tidlegare plassert ut kameraer i elva, men no satsar dei på eit nytt og meir avansert opplegg med eit overvakingssystem som kan stå ute og fungera heile året.



Kameramonteringa er igang. (Foto: Ola Matti Mathisen)

- Og det er avsløringa av lusa som er poenget, utan lusangrepa hadde vi ikkje satsa på dette, seier Gabrielsen og Wiers.

Det er også montert slike kamera i Loneelva og Mundheimselva står for tur. Det er også kamera på plass i nokre av elvane lenger inne i fjorden.

Forskarane er naturleg nok spente på luseplaga og er glade for at dei no har fått eit enda meir effektivt reidskap som kan dokumentera ho.

- Førebels er det ikkje lus å sjå på fisken, men så har han då heller ikkje vore ute i sjøen enno, påpeikar oppsynsmann Arne Terje Haugland.

Han vil berømma Steinar Myklebust på Rabben for velvilje i samband med prosjektet. Til dømes ordna han spontant strømforsyning og har lova å passa på at overvakingssystemet ikkje blir skada eller øydelagd. Det innheld mellom anna ein del kablar som må få liggja i fred.

Av Ola Matti Mathisen